



Zentra AS
Kalfarli 10
5022 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1927 - 19/14864

Saksbehandlar:
Silje Haukedal
silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:
16.10.2019

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 48/26

Tiltak: Tilbygg - lager
Byggjestad: Gbnr: 48/26
Tiltakshavar: Møn Eiendom AS
Ansvarleg søkjar: Zentra AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 25.09.2019.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig.

Eigedomen er i reguleringsplan for Hesthaugen, planid: 126019830001000, regulert til industri.
Eigedomen inngår også i reguleringsplan for Manger sentrum, Radøy Auto, planid: 12601989000200.



Av reguleringsplanen følger byggegrense til Fylkeveg. Det kjem ikkje fram av søknadsdokumenta kor lang avstand det er frå tilbygget til veg. For å kunne vurdere om tiltaket er i tråd med byggegrensen må kommunen ha meir informasjon om avstand til veg.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Målsatt situasjonsplan som visar avstand til veg.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.11.2019. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1, forvaltningslova § 11a.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Silje Haukedal
konst. leiar teknisk forvaltning

Silje Haukedal
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Møøn Eiendom AS

Galteråsen 10A 5916

ISDALSTØ

Mottakarar:

Zentra AS

Kalfarlien 10 5022

BERGEN